

NOREGS LANDBRUKSHØGSKULE
INSTITUTT FOR DENDROLOGI OG PLANTESKULEDRIFT

Telefon: ÅS
Nr. 9344 — Institutt kontor
- 9243 — Planteskule kontor

Vollebekk, den 8.11.55.

Andreas Ropeid,

Norsk Folkemuseum.

Skavrimet i mitt foredrag om ask fekk eg i sumar av Olav H. Hauge, Ulvik i Hardanger. Han nemnde sers at ein i Ulvik hadde ei annan meining om hegg enn elles, han hadde nyss høyrt Håkon Lid sitt foredrag om raun, der det visst heitte at hegg set ~~n~~erk i legg.

Rimet hadde Olav Hauge frå mor si, ho er kring 80 år gamal, og det var slik:

Raun för,

Alm gjør.

Hegg drege dautt um dör.

Eik gjere kjyræ veik,

Ask gjere kjyræ rask.

Eg tok dertil med ei lina om selja frå eit skavrim eg høyre av skulestyrar K. K. Hjeltnes i Ulvik i 1944. Han var diverre ikkje heime då eg var i Ulvik i sumar så eg fekk ikkje høyrt om han kjende dette om heggen. Han er no 74 år gamal.

Eg har no funni fram det eg skreiv opp etter han i 1944. Lind er og med ser eg.

"Selja fær kjyræ te belja.


Eik gjere kjyræ veik.

Lind gjere kjyræ blind.

Ask gjere kjyræ rask.

K. K. har elles nemnt for meg at hatl var dårlegaste skavet.

Med vördnad


Oddvin Reisæter.

11244